

BOKN BYGDEBLAD

NR. 4

MAI 1990

ÅRG. 5

UTGJEVAR: BOKN BOKN KULTURKONTOR

GASSRØYRLEDNING OVER BOKN

Dei negative konsekvensane som er knytta til anleggsfasen i samband med landrøyrtraseen kan reduserast, seier Statoil i konsekvensutreiling.

I konsekvensutreilinga meiner Statoil vidare at som hovedkonklusjon er dei mest betydelege konsekvensane av nyetableringa positive. Viktigast er positive konsekvenser for sysselsetjing og leveranser av varer og tenester, pluss auka kommunale inntekter i Tysvær og Bokn kommune.

Dei negative konsekvensane meiner Statoil er knytta til anleggsfasen i samband med landtrasèen over Vestre og Austre Bokn. Støy, trafikksituasjonen og bruk av dyrka mark er aktuelle problem, men ved avbøtande tiltak kan desse verknadene reduserast.

Som kjent er det nå tilrådd å transportera kondensatet frå Sleipner Aust over Bokn til Kårstø.

Samfunnsmessige konsekvensar av heile utbygginga er m.a.:

- Utbygginga gir verdifulle impulsar for norsk økonomi og bidrar til å oppretthalda 500-1000 arbeidsplasser.
- Leveransar i anleggsfasen frå Rogaland/Haugesundsregionen på henholdsvis 630/420 mill. 1989 kr.
- I maksimalåret 1992 vil sysselsetjingseffekten vera 430 og 290 arbeidsplasser i henholdsvis fylke og region. I driftsfasen 45 arbeidsplasser.

- For kommunane vil auke i eigedomsskatt vera den viktigaste effekt. Totalt 4 mill. 1989 kr. for Tysvær og Bokn.
- Meirbelastning m.h.t. befolkningsmengde, bustadbygging og kommunale tenester vil ikkje bli vesentleg.
- Auka sysselsetjing og dermed redusert arbeidsløyse gir positive sosiale verknader i lokalsamfunnet. Utbygginga vil venteleg ikkje føra til negative sosiale/kulturelle verknader i anleggs- eller driftsfasen.
- Røyrledinga inneber restriksjonar på arealbruken langs trasèen. I anleggstida vil det bli ein del trafikkulemper på Vestre Bokn.

Miljømessige konsekvenser:

- Frå terminalen på Kårstø vil det bli utslepp til luft av nitrogenoksider, hydrokarboner, svoveldioksid og kvikksølv i driftsfasen. Totalt ligg dette langt under fastsette grenseverdiar.
- Verknadene av utslepp til sjø er lokale og vil ha begrensa omfang. Av regulære utslepp er det berre verknad av overtemperatur på kjølevatn som kan ha verknader i resipienten.

gass-- framh.

- Fast avfall frå terminalen vil nær doblast. Dette vil ikkje føra til forurensningsproblem av betydning.
- Legging av røyrledning til havs, og det at røyrledninga ligg på havbotn over tid, vil ikkje ha negative verknader for marint liv.
- Det er svært liten grunn til at det skal bli akutte utslepp frå transportsystemet som fylgje av alvorlege driftsuhell. Det vil vera beredskapstiltak for å ta seg av utslepp dersom det skulle skje.

Konsekvensar for naturresurser.

- Det vil bli visse ulemper for landbruket på Vestre Bokn ved at det vert lagt røyrledning.
- Basert på trålforsøk og erfaring, ser ikkje Statoil røyrledninga på havbotnen å vera til hinder for fiskeriverksemda. Det er registrert protestar frå fiskarar som nytta rekefelta i Skuddefjorden og Karmsundet.

AUKA INNTEKTER FOR BOKN KOMMUNE.

Konsekvensanalysen viser til at dei samla kommunale inntektene i driftsfasen som fylgje av etableringa totalt vert:

Tysvær: 4,1 mill. kr. pr. år.
Haugesund: 0,6 mill. kr. pr. år.
Karmøy: 0,6 mill. kr. pr. år.
Bokn: 4,0 mill. kr. pr. år.
Kvitsøy: 0,3 mill. kr. pr. år.

Grunnen til at Statoil reknar så store inntekter til Bokn, er at Tysvær og Bokn har inngått ein prinsippavtale som i utgangspunktet inneber ei fordeling av eigedomsskatt på petroleumsanlegga på Kårstø. Av denne grunn vil skatteinntekter for Bokn kommune utgjera 25% av kommunen sine inntekter.

Ein reduksjon i statlege overføringer kan bli ca. 0,6 mill. kr.

Ut frå dette vil Bokn kommune få betydeleg større handlingsfridom enn i dag.

Røyrledninga vert trekt i land i Regavika kor det vert lagd ventilasjon. Herifrå vert røyrledninga lagd på nordsida av Håmannsnuten og mellom Gunnarstadvatnet og Ulvåna på sørsida av Ulvåghaugane.

Vidare går traséen mellom Fv 892 og Torland i eit markert myrområde. Røyrledninga bøyer så av mot nord-aust under nordspissen av Boknabergs-vatnet, til Boknaberg og nedover mot Sæbø. Boknasundet vert kryssa i rett linje mellom Sæbø og eit punkt ca. 150 meter nord for Tåganes.

Herifrå vert røyrledninga ført under Fv 897 og ny hovedveg over Bakkane og i fjellterrenget aust for Litla Håklepp.

Ognasundet vert kryssa parallelt med bruia.

På Ognøy vert ledninga ført over Liafjellet parallelt med den nye hovedvegen.

Røyrledningstraséen krysser så Ognakalvsundet og Frekasundet og treff Kårstø innafor Statoil sin eigedom.

BISPEVISITAS I BOKN

Onsdag 23.mai kjem biskop Bjørn Bue på visitas til Bokn.

Han har eit strengt program frå tidleg morgen til seine kveld.

Han skal vitja skulen, inspisera kyrkja og ha samtalar med både dei tilsette og kommunen. Ein liten rundtur på øya blir det vel òg tid til før det blir fest på skulen om

kvelden. Denne arrangerer soknerådet saman med Bondelaget og vi håper at dette kan bli ein fin fest der flest mulig Boknarar vil nytta høve til å bli litt meir kjent med biskopen vår.

Dagen etterpå, Kr.himmelfartsdag, blir det festgudsteneste i kyrkja og denne dagen håper vi på fullsett kyrkje.

STADNAMN I BOKN

ARE

JORDSMONN

Kvalitet og størrelse fortel at garden er følt gammal. Helst var her busetnad alt i bronsealderen og sikkert for eit par tusen år sidan. Fjellgrunnen er ei reim av den fyllitten ("rådafjedlet") som strekkjer seg over Ryfylkeøyane og Nord-Jæren og gjer desse traktene så grøderike. Dette fjellet vitrar lett og gjev særskilt godt jordsmøn av same slaget som me finn i Våga. Elles i Bokn er det karrigare grunnfjells-gneis som dominerer.

GARDSDRIFT

I eldgammal tid var Are med sine dryge sju foll mellom dei beste korngardane i bygda. I 1668 hausta dei opp mot fem tonn havre, bare Boknaberg og Øvraberg skar meir. Av husdyr åtte dei to Are-bøndene i 1668 30 kyr og to hestar. Einast på Boknaberg åtte dei fleire.

Attåt dette, låg det frå mellomaldeisk tid både makrellfiskeri og laksefiskeri til garden. Samstundes låg han "i stoer Alfare Weye" som siste garden ved hovudleia før fjorden. For gardsfolka var det ei plage med alle dei reisande som kom rekande når styggevær hindra dei i å setja frå land.

EIGARAR

Til dei andre fordelane kom hamner. I det heile var garden ettertrakta, og den same adelsætta som sikra seg Våga, la også under seg Are. Denne slekta sat tidleg i mellomalderen i

Etne i Sunnhordland. Mot midten av 1100-talet åtte truleg sjølvaste kongefaren Erling Skakke garden. Då han grunnla Halsnøy Kloster, la han til både Våga og Are som jordegods. Sidan høyrde Are til klosteret heilt inn i nyare tid. "Munkehavn" er eit minne frå klostertida. Truleg var det her dei lende når dei hadde ærend på garden.

BUSETNAD

Før Svartedauden budde det venteleg tri bønder på Are. Men under pestane blei to av bruksavfolka. Også Kjøyna kom i øyde i denne perioden. Bonden på Are fekk då lagt øya under seg som tilleggsjord. Likevel samla han seg ikkje særleg rikdom. Mons på Are åtte kring 1520 ikkje meir enn folk flest. Mot 1600 kom det ein familie til og frå kring 1700 var dei tri bønder på garden. Dette talet heldt seg eit godt stykke inn på 1800-talet. I 1906 var han delt i tri bruk.

NAMNET

Gardsnamnet Are er det spekulert mykje over. Hadde namnet vore "Ara", ville tydinga vore "staden der örna slår seg ned". Men med namnet Are held ikkje denne forklaringa språkleg. Då ligg det nærrare å sjå det som ei dativform av ordet "ardr" - ein slag enkel plog. Forklaringa kan då vera at garden er kalla opp etter eit spisst nes som minna om ein ard.


Birger Lindanger

...det er vi som selger —

**BLINK
OHUS** En fulltreffer
FORTSLAG TIL HØGKJEN-
TEGNING · BYGGE SAKSBEHANDLING...

FORTALTE PÅ BORN
RING SOLVÅG GUNDEGREN
TLP. 748501

UTVIK
TRELAST- OG BYGGEFORRETNING
4262 AVALDSNES - TLF. (047) 43 111



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

PÅMELDING TIL SKULEÅRET 90/91

Skulen kan tilby desse aktivitetane :

- piano
- elektrisk orgel
- kyrkjeorgel
- keyboard
- messingblås
- aspirant til skulekorpsset
- pop-gruppe
- kor
- solosong
- trekkspel
- fele
- leikarring for nybegynnalar

KOMMENTARAR TIL NOKRE AV AKTIVITETANE :

Keyboard

Keyboard er eit ord for tangentinstrument. Det kan vere piano, synthesizer, orgel e.l. Undervisninga er som regel på elektrisk piano. Her får du i første rekke kjennskap til akkordar. Du lærer deg å akkompagnere (kompa) både deg sjølv og andre. Det er ein fordel om du les noter, men du treng ikkje kunne det.

Me lagar også PLAYBACK og driv med IMPROVISASJON når tida er moden for det.

Messingblås

Eit tilbod for messingblåsarar i skulekorpsset som vil spele saman og lære meir utanom korpsøvingane. Undervisninga tar utg.pkt. i repertoaret til skulekorpsset, men me driv også ein del med tekniske øvingar og spelning etter playback.

Sannsynlegvis er dette GRATIS for musikantane.



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

Aspirant til skulekorpset

Det er her dei fleste lærer å spele, og då går vanlegvis barna i 2. eller 3. klasse. Ein 2. klassing har ikkje problem med å følge lærarverket som blir brukt. Undervisninga går over 2 år. 2. året blir aspiranten integrert i hovudkorpset slik at ikkje overgangen blir for stor.

Instrumentet blir vanlegvis utlevert ved oppstartingen til hausten.

Me tar også siktet på å ta opp TROMMESLAGARAR til hausten. Det er i skrivande stund ikkje klart med lærarar, men me reknar med at det er i orden til hausten.

2. ÅRS ASPIRANTAR TRENG IKKJE MELDE SEG PÅ.

UNDERVISNINGA ER GRATIS.

Pop-gruppe

Meininga med dette tilbodet er å gi ei gruppe tilstrekkeleg opplæring slik at dei - om dei vil - seinare kan starte for seg sjølve. Dei viktigaste instrumenta i ei pop-gruppe er sang, gitar, synthesizer, bass og trommer. Det er slik gruppa er no.

Eit styrevedtak seier at ei gruppe kan halde på i 3 semester før dei må overlate skulen sine instrument til andre interesserte. I januar -90 var det ikkje nok til å danne ei ny gruppe, og den noverande gruppa har øvd i 4 semester. Dersom dei vil held den noverande gruppa fram som før om det ikkje kjem inn nye påmeldingar.

Kor

Alle som vil synge i kor, enten det er BARNEKOR, BLANDAKOR, DAMEKOR, MANNSKOR eller UNGDOMSKOR, skal krysse av i same ruta. Så ser me kva slag kor me kan sette i gong til hausten. Musikkkulen har repertoar til alle typar kor. Me håpar at gamle og nye kormedlemmar av begge kjønn melder seg på slik at me kan få store og flotte kor her i kommunen.

Trekkspel

Dette tilbodet kom dessverre ikkje i gong sist haust p.g.a. stor søknad til skulen. Me håper det går i orden denne gong. SKULEN HAR 2 TREKKSPEL, så du treng ikkje ha dette kostbare instrumentet sjølv.

Undervisninga blir på kveldstid etter kl. 19.00. Interesserte kan planlegge undervisningsforma saman med Daniel Thuestad.

Fele

Denne undervisninga som Sigmund Grønnestad & co. vil ta seg av blir FOLKE-MUSIKK-BASERT. Musikkkulen kjem til å kjøpe felet i framtida dersom mange interesserte, men i byrjinga kan nok berre dei som har felet vere med. Det går ~~også~~ sikert an å komme fram til ei låneordning saman med læraren.

Eg håpar interesserte tar kontakt med meg eller Sigmund.



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

Leikarring for nybegynnalar

Det blir sannsynlegvis satt i gong nybegynnarkurs til hausten for folk som er interesserte i leikarring. Både barn og voksne kan melde seg på.

ELEVKONTIGENTEN har mykje å seie for mange familiar. Nye satsar for semesteravgifta blir klare i løpet av våren. Interesserte kan ta kontakt i slutten av mai.

Det blir jobba mot at individuelle elevar skal få undervisning i ein halv klokkeitime og ikkje ein halv skuletime, og at avgifta ikkje blir noko særleg høgare enn han er i dag. Dette gjeld elevar i alle aldersteg.

Vidare kjem nok ikkje satsane til å skremme nokon. Tvert i mot jobbar me sjølvsagt for at satsane skal bli akseptable og rettferdige. Det gjer også eit utvalg oppnevnt av KIRKE- OG UNDERVISNINGSDEPARTEMENTET. Det blir m.a. jobba mot at staten skal meir inn i bildet slik at foreldrebetalinga skal bli så liten som mulig. Så det går mot betre tider, og me håpar egen-andelen blir kraftig redusert i dei nærmaste åra.

ME HELD FRAM MED 30 % SYSKENMODERASJON PÅ DEN DYRASTE AKTIVITETEN.

ALLE KAN IKKJE REKNE MED Å FÅ DEN PLASSEN DEI YNSKJER, MEN DU MÅ BERRE MELDE DEG PÅ ALT SOM ER AV INTERESSE. DET BLIR LAGA PLESS PÅ PÅMELDINGSSKJEMAET TIL Å PRIORITERE YNSKJENE DINE.

DET LÖNNER SEG Å VERE TIDLEG UTE DERSOM DET BLIR VENTELISTER. PÅMELDINGSSKJEMAANE BLIR NUMMERERTETTER KVART SOM DEI KJEM TIL MEG. EG TAR BERRE I MOT SKRIFTLEGE PÅMELDINGAR.

TA KONTAKT VISS DU LURER PÅ NOKO.

ME MINNER IGJEN OM AT DET IKKJE ER NOKO ALDERSGRENSE I MUSIKKSKULEN.

"DEN SKAL TIDLEG KRØKJAST SOM GOD KROK SKAL BLI !"

BRUK SKJEMAET PÅ NESTE SIDE.

Musikalsk helsing

- rektor -



BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE
4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

LEVERINGSFRIST
MANDAG 21. MAI.

PÅMELDINGSSKJEMA

SKULEÅRET 90/91

- * NAMN : 1. _____
 2. _____
 3. _____
 4. _____

Alle familiemedl. som ynskjer plass skal skrive seg opp - (1., 2., 3., 4.) og de set da kryss i den aktuelle ruta bak dei ulike aktivitetane.

		1.	2.	3.	4.
1	PIANO				
2	ELEKTRISK ORGEL				
3	KYRKJEORGEL				
4	KEYBOARD				
5	POP-GRUPPE				
6	SOLOSONG				
7	TREKKSPER				
8	FELE				
	MESSINGBLÅS				
	ASPIRANT TIL SK.KORPSET (m/trommer)				
	KOR				
	LEIKARRING FOR NYBEGYNNARAR				

Her kan du event. prioritere ynskjene :

- * 1. _____
 2. _____
 3. _____
 4. _____

Skriv berre inn tala på akt.
 Dette gjeld ikkje aktivitetar som MESSINGBLÅS, ASPIRANTUNDERV.,
 KOR OG LEIK. FOR NYBEGYNNARAR.


Døme :

PIANO KEYB. FELE
 1.

1	4	8		
---	---	---	--	--

7

100 km strandlinje og 48 km² tumleplass



er bare noe av det øyriket Bokn kan by deg. Bokn ligg sentralt med korte reisetider til Stavanger og Haugesund. Samstundes har kommunen fordelane med å vera eit lite lokal-samfunn. Folk bryr seg om kvarandre i beste meinings. Det er lett å bli dregen inn i det all-sidige organisasjonslivet i bygda. Ein av tem er med i idrettslaget, og tala er tilsvarende for musikkskulen. Dei fleste av dei omtrent 750 innbyggjarane bur på Vestre Bokn. Sjølv om Bokn har mange av verdiane til smasamfunna, har bygda også tilbod som kan konkurrera med byane. Barnehagen har nå hatt plass til alle søkarane. Skulen har små daglegvareforetning, bank og post, bare for å ha nemnd noko. Kommunen har eit godt utbygd helse- og sosialapparat.

Byggjeklare boligtomter med eiga nausttomt

Kommunen tilbyr no byggjeklare boligtomter og nausttomter ved Hålands-sjøen sør for Alvestakkroen. Fra feltet er det flott utsikt til Boknasundet og Boknafjorden. I denne omgang er det 9 av tilsammen 23 boligtomter for salg samstundes som tomtekjøparane blir tilbuddt eiga nausttomt. Og prisen burde ikkje skremma nokon.

1 mål tomt (inkl. tilknytn.avg. og oppmål.gebyr): ca. kr. 80 000
Nausttomt: (fast pris)
kr. 20 000

Kanskje fins drømmetonta her?


Kommunen kan også tilby flotte utsiktstomter til same pris i Føresvik, like ved skule og "Boknatun" kor ein finn private og offentlege servicetilbod. Bokn kommune tilbyr og byggjeklare næringstomter ved kyststamvegen.

Tomtene vil bli delt ut første gong den 5.juni. Derefter vil dei bli delt ut etter kvart. Kontakt oss gjerné for synsaring og nærmere samtal. Plankart kan også sendast. Spør etter rådmann eller teknisk sjef. tlf. nr.(04) 74 85 00


Adresse: Bokn Kommune, 4290 Føresvik.

Bokn kommune

Austre Bokn og Ognøy er no knytt til fastlandet gjennom den nye kyststamvegen. Vegen vidare til Vestre Bokn blir ferdig i 1990.
Til så skjer går det pendelferge kvar halvtide mellom Vestre og Austre Bokn.



barneside



FARGE

MYKJE TRÆR

LITE HUS

LAND I EUROPÅ

.... OG SØR

FRUKT

MÅNAD

IKKJE KALDT

IKKJE REGN





OMVENDT AV NATT

DRIKK

KROPPSDEL


RO

BAK



Dette er ein eplehage som me ser ovanfrå. Mannen som eig den, har bestemt seg for å dele den mellom dei fire sønene sine. Han vil at kvar son skal ha ein like stor del av hagen, og at stykkene skal ha same form. Ser du korleis dette problemet kan løysast?

BOKN FOLKEBIBLIOTEK



OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG: 16 - 19

TORSDAG: 10 - 13.30

LESETIPS

VAKSNE

*James, P.D.:

En upassende jobb for en kvinne.

*Smith, Wilbur:

Dødens time.

*Juster, Leif:

Mot normalt.

*Aukrust, Kjell:

Slipp ham inn!

*Allende, Isabel:

Eva Luna forteller.

BARN OG UNGDOM

*Kerr, M.E.:

Alene i natten.

*Osmundsen, Mari:

Solungen.

*Risnes, Dag:

Lille lady Rose.

*Johnson, Pål:

Fredrik og fangen.

*Nitteberg; Bjørn:

Utboropprøret.

*Andersen, Stein:

Illegalt



BOKKAFFÉ

FRITIDSKLUBBEN PETRA HAR
BOKKAFFÉ I ALLROMMET ONSDAG
09.05. FRA KL. 16.00-19.00

BARNETIME

BARNETIME PÅ BIBLIOTEKET
ONSDAG 09.05. KL. 17.00



5000 UNGDOMAR. EIN REVY - FA LIV OG DØD.

Det heile byrja for eit halvt år sidan. Bokn skule fekk tilsendt ein perm med tekst noter og heile opplegget til ein revy. Jardar hadde veldig lyst til å framföra revyen, og spurde Liv og 7.klasse om dei ville framföra revyen.

Dei fleste sa: JIPPI!. Dei har øvd i eit halvt år og det har vore kjempe kjekt. Revyen varte i 45 min. Dei har og vore på Tysværvg skule og hatt ei framvising. Eg trur at alle dei 150 tilskodarane var kjempe fornøgd med revyen!


17.MAI OG FLAGGET.

Mai er ein månad med mange helligdagar og mykje festivitas. Me feirar konfirmasjonar, og det er eksamenstid. Og ikkje minst feirar me heile nasjonen sin festdag, grunlovsdagen 17.mai.

Dei første åra etter 1814 blei 17. mai feira temmeleg beskjedent i private formar. I 1820 åra blei feiringa meir omfattande, men møtte motstand frå svenskane som oppfatta den som ein demonstrasjon mot unionen.

Etter det såkalte "Torgslaget" i Oslo i 1829 falt denne motstanden bort. Sentralt i kampen for å få lov til å feira 17. mai stod diktaren Henrik Wergeland.

Seinare blei Bjørnstjerne Bjørnson ein av 17.mai feiringa sin store forkjempar. Det var på hans initiativ det første barnetoget kom i stand i 1870.



TILSETJINGAR

Arvid Jøsang har fått permisjon frå undervisningsinspektørstillinga i 1 år. Han skal undervisa i vanleg lærarstilling skuleåret 1990/91.

Ingjerd Thuestad er tilsett som vi-kar i undervisningsinspektørstilling (heil stilling) skuleåret 1990/91.

Astrid Sollid er tilsett i halv stilling som dagleg leiari av pedagogisk teneste i Bokn.

Astrid Sollid er også tilsett i 30% lærarstilling ved Bokn skule.

Eva Moi Eikje er tilsett i halv stilling som barnevernspedagog ved pedagogisk psykologisk teneste i Bokn.

Brit Opsal er tilsett i 60% lærarstilling for skuleåret 1990/91.

Anna Hognaland er tilsett i halv stilling som nattevakt ved Bokn sjukestove ut 1990.

Ellen Frøiland Svare er tilsett som sjukepleiar i heil stilling ved Bokn sjukestove/åpen omsorg med til-treding i juli/august 1990.

BOKN RØDE KORS

Bokn Røde Kors vil gjerne få takka alle som var med og støtta opp om basaren vår 24.mars. Me fekk eit overskot på ca. 24.000 kr., eit utrøeg fint resultat.

Me fekk nå råd til å kjøpa ei "Anne-dokke" frå Lærdal, til bruk ved førstehjelpsundervisning og repetisjon av munn til munn-metoden og hjertekompresjon. Resten av pengane blei fordelt på dei tre avdelingane - mest til hjelpekorps- et som treng det meste av utstyr.

Basarkomitéen på 5 medlemmer med Else Nilssen i spissen gjorde ein flott jobb med planlegging av arrangementet og innsamling av gevinsttar, dei hadde berre to månader å

ordna alt på.

Stor takk til Bokn Plast som gav oss hovedgevinsten - ein 11-fots jolle, og også til dei andre som støtta oss med gevinstar. Takk også til alle medlemmene som sto på og jobba, og til alle dykk som kom og var med oss. Dei som koste seg aller mest var vel ungane, for dei fekk køyra brannbil med han Hans Faye og vera med Kopervik Røde Kors sin ambulanse som suste rundt "nullen" med blålys og sirener.

Høgtalaranlegget på skulen var ikkje heilt bra, og for dei som gjerne ville høyrt Olaug Hogneland sin fine prolog ein gong til, kjem den her.

OLAUG HOGNALAND SIN PROLOG

TIL RØDE KORS BASARAREN 24.MARS 1990.

Sjeldan hører du nyhetsord, utan det er krig ein plass på jord.
Verda over statsmakter driv sitt spel med dyre, unge liv.
Der må dei ut i strid for sitt land, krigsskip, kanoner, mann mot mann.
Men der tendest eit lys midt i krigens år,
tropper kom for å berge liv og lækja sår.
Ein tanke mognast, eit frø vart sådd, det vart til noko som ingen ville spådd.
Frøet var livskraftig, vart til eit tre, mektig er stamma, kruna med.
Ennå etter over sytti år med friske greiner treet står.

Årvissst kjem det nye skot, som har næring frå den djupe rot. Eit av dei som spirde fram nå sist, er Bokn Røde Kors, ein liten kvist.

Frå varmare land blir melding sendt: Det me alle ottast for, har hendt. Jordskjelvet grov ned hytter og hus, millionbyen ligg i grus.
Midt i den gru me ser på skjermen,

er hjelpemannskap med kors på armen.

Ved svolt og naud i framandt land, hjelpeaksjonar kjem straks i stand. Om vinteren fjellfolket driv sin sport, kjem ut i uvær og går seg bort. Straks blir slik ei hending observert, og så blir hjelpekorpset alarmert. Ved sida av kart, kompass og spa, var førstehjelpskunnen god å ha.

Så mange ligg der i sitt sjukerom, venta på besøk, men ingen kom. Her såg også Røde Kors ein ting å gjera, om du så ynskjer, pasientvenn kan du vera.

Besøkstenesten kan vera fin for den som set einsam i heimen sin. Der får du hjelp av din instruktør, og mot til å banka på framand dør. Oppgåver manglar det visst ikkje på og frukter av arbeidet får me nok sjå.

Den little kvisten blømer alt i år, må det bli til velsigning for bygda vår!

Gi oss ikkje fred, når hjelpa vår de trenger, noko kan me yta, om det så er penger.

• Ferjestaden

A v Mari Høgestøl og Geir Sør-Reime

For omlag 2500 år sidan var Arsvågen på Bokn «ferjestad» – der dødsrikets ferjemann tok sjelane til dei avlidne og førte dei til Helvete; og no blir Arsvågen på ny ferjestad, for ferjesambandet mellom Rennesøy og Bokn. Det nye ferjeleiet blir lagt oppå det gamle, gravplassen, og difor måtte museet i 1987 og 1989 grave ut den førhistoriske «ferjestaden». Gravingane i 1987 blei leia av Mari Høgestøl, dei i 1989 av Geir Sør-Reime.

På og ved Laksaberget rett sør for austre Arsvågen blei det i midten av 1970-åra registrert eit felt med gravrøyser. Vest for Laksaberget låg to runde røyser med diameter ca. 6 og 5 meter. Den siste var meir oval i forma. Begge var relativt låge, men godt synlege i lendet. Desse to blei utgravd i 1987. I 1989 blei resten avfeltet, som besto av tre røyser på sjølv Laksaberget gravd ut. Også desse var det rimeleg lett å sjå sjølv om dei var dekka av gras og lyng. Særleg i dei to røysene som blei gravd ut i 1987 er det gjort funn som kan tidfesta gravfeltet, og gje opplysningar om gravleggingsskikken.

I den eine røysa, som var mykje utkasta i midten, fann ein keramikk spreidd over heile det utkasta området. Keramikken låg under torva, utan steindekke og må altså ha låge heilt ope eksponert for ver og vind etter gravplyndringa ein gong for lenge sidan. Keramikken er av ein grov type som ofte er vanskeleg å tidfesta, men det blei her funne ein hank som tyder på at grava er frå yngre bronsealder eller den aller første delen av eldre jernalder, m.a.o. rundt 2500 år gammal. I tillegg til hanken blei det funne fleire botn- og veggskår. Det blei vidare funne rundt fem gram brende bein. Sentralt i den andre røysa blei det derimot funne heile 240 gram brende bein. Desse er blitt analysert av Berit Sellevold som har kome fram til at det må vera bein fra eit vakse menneske.

Dei røysene som blei gravd i 1989 hadde lite funn, men det blei funne litt keramikk av same type som ein fann i 1987, foruten ein del brende bein. Også desse røysene var ein del øydelagt og utkasta, slik at det er vanskeleg å fastslå korleis dei eigentleg har sett ut. Funna låg også her i sentrum av røysene. Ei av røysene var så øydelagt at det ikkje blei gjort funn i det heile i ho. Alle fem røysene bestod av eit par lag Stein, lagt direkte på nake fjell. Sprekker o.l. i berget rundt røysa var fylt igjen med stein, og i det heile var høgder i terrenget utnytta for å skapa verknad av større røyser enn dei røynleg var.

Boknasundet har vore ein viktig ferdsleveg gjennom årtusener, og gravfeltet på Are er eitt av mange døme på at graver blir lagt tett opp til viktige samferdsleårer. I den tida gravleggingane fann stad, var branngavskiken rådande. Trua på at den døde levde vidare i gravminnet var tildels erstatta av førestillingar om eit eige

dødsrike, der sjelane til dei døde kom etter å ha blitt frigjort frå kroppen på likbålet. Vi veit at det fanst førestillingar om ein ferjemann som frakta dei døde over til dødsriket. Slik sett kan vi kalle gravplassen på Are for ein ferjestad, staden der dei døde møtte ferjemannen som førte dei over til det hinsidige.

No skal det igjen gå ferjer frå Are, men no skal dei ikkje gå til Helvete, dødsriket, men til Rennesøy, som for mange vel er eit paradis på jord.

Artikkelen er tatt frå
"Frå haug og heidni"
nr. 1 1990.

SR - HØYRENTEKONTO

NYTT OG BETRE RENTETILBUD
FRÅ 1. APRIL



9,0 % FRÅ FØRSTE KRONE
6 FRIE UTTAK PR. ÅR



SPAR PÅ SR-HØYRENTEKONTO,
SIKKER PLASSERING SOM GIR
GOD AVKASTNING

BOKN SKULE OMBYGGING

Firmaet Staveland & Lyslo fekk oppdraget med å teikna forslag til løysing når det gjeld ombygging av Bokn skule.

Dette er same firmaet som har oppdraget med kulturhuset i Tysvær.

SKULESTYREMØTE

Det vert skulestyremøte tysdag den 8.mai kl.15.45.



BOKN KOMMUNE
4290 FØRESVIK

FERIEVIKARAR BOKN SJUKESTOVE

Det er behov for ferievikarar ved Bokn sjukestove/åpen omsorg sommaren 1990.

Det er ynskjeleg med utdanning/praksis frå helsesektoren, men også andre kan søkja.

Sei frå i kva tidsrom du kan arbeida.

P.g.a. driftsforma er det i dei flesste stillingane naudsynt med førarkort for bil.

Skriftleg søknad til Bokn sjukestove, 4290 Føresvik, innan 3 veker.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf.04-748500
Postgirokonto nr.5 68 45 01
Bankgirokonto nr.3373.07.00305

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr.100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr.300
Halv side: kr.150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonsar: kr.10,-.

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.



"PÅ TUR"

BOKN SKULE MANDAG DEN 7.MAI KL.17.00

Forestillinga varer i 40 min. og passar både for barn og vaksne (helst saman).

Inngangspengar: kr.10,-.

Arr.:Bokn kulturstyre/fylkeskulturstyret.

ABRAKADABRATEATERET

"NA ER DET ALVOR"

SØNDAG DEN 20.MAI KL.17.00 PÅ BOKN SKULE


Familieforestilling for dei fra 5 år og oppover.

Forestillinga handlar om det som foregår i ein heim, fordeling av oppgåver, unnaluring.

Som vanleg har teateret ein del eigenprodusert ABRA-musikk og trylling. Barn saman med vaksne kan gjerne sjå stykket.

Billettpolis: kr.10,-.

Arr.:Bokn kulturstyre/fylkeskulturstyret.



BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

ETABLERINGSLÅN 1990

Bokn kommune har fått tildelt midlar til vidare utlån ved bygging av ny bustad, kjøp av bustad eller utbetring av eldre bustad. Lånet er behovsprøvd.

Sams for alle typar bustader er at dei må ha lån i Husbanken eller Landbruksbanken.

M.a. huslydar med funksjonshemma og hustandar som skal etablera seg for første gong er prioriterte.

Nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Dette lånet er det ikkje søknadsfrist på.

UTBETRINGERSTILSKOT OG LÅN 1990

Ein kan søkja om lån/tilskot til ulike slag utbetringsarbeid - t.d. innlegging av vatn, ordna med avløp, innstallera bad/WC, isoleringsarbeid o.l.

Desse kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekt og formuetilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene som er oppsett av bygningsmann. Dette overslaget må søkeren syta for.

Søknadsskjema og nærmere opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 1.juli 1990.

FOTBALLSESONGEN - BOKN IL

MSA=A-lag (menn) 8.div.
SMG= smågutt, 3. div.

DAG	DATO	TID	KAMPNR	AVD	HJEMMELAG	BORTELAG	BANE
SØN	29/04	14.00	6304.003	SMGO3D	Bokn	Kolnes	Føresvik Stadio
LØR	05/05	15.00	0803.002	MSAO8C	Graskre	Bokn	Madla
TIR	08/05	18.00	6304.007	SMGO3D	Vormedal	Bokn	Vormedal
LØR	12/05	15.00	0803.007	MSAO8C	Bokn	Kark	Føresvik Stadio
TIR	15/05	17.00	6304.011	SMGO3D	Bokn	Vard 4	Føresvik Stadio
LØR	19/05	15.00	0803.009	MSAO8C	Stokkadalen	Bokn	Tastahallen
TIR	22/05	17.30	6304.016	SMGO3D	Haugar 3	Bokn	Gymnasbane 4
LØR	26/05	15.00	0803.014	MSAO8C	Bokn	Gosen	Føresvik Stadio
TIR	29/05	19.00	6304.020	SMGO3D	Sauda 2	Bokn	Sauda grusbane
TIR	05/06	19.00	6304.023	SMGO3D	Bokn	Stegaberg 2	Føresvik Stadio
LØR	09/06	15.00	0803.019	MSAO8C	Bokn	Karmøy	Føresvik Stadio
TIR	12/06	17.00	6304.026	SMGO3D	Kopervik 4	Bokn	Åsebøen 1
LØR	16/06	15.00	0803.024	MSAO8C	Tjensvoll	Bokn	Sif grusbane
SØN	24/06	14.00	0803.028	MSAO8C	Bokn	Nesflaten	Føresvik Stadio
LØR	18/08	15.00	0803.030	MSAO8C	Bokn	Graskre	Føresvik Stadio
TIR	21/08	18.30	6304.031	SMGO3D	Kolnes	Bokn	Kolnes
LØR	25/08	15.00	0803.035	MSAO8C	Kark	Bokn	Hetlandshallen
TIR	28/08	18.00	6304.035	SMGO3D	Bokn	Vormedal	Føresvik Stadio
FRE	31/08	19.00	0803.037	MSAO8C	Bokn	Stokkadalen	Føresvik Stadio
TIR	04/09	17.00	6304.039	SMGO3D	Vard 4	Bokn	Sakkestad 2
LØR	08/09	15.00	0803.042	MSAO8C	Gosen	Bokn	Madla
TIR	11/09	18.00	6304.044	SMGO3D	Bokn	Haugar 3	Føresvik Stadio
FRE	14/09	19.00	0803.047	MSAO8C	Karmøy	Bokn	Karmøyhallen
TIR	18/09	18.00	6304.048	SMGO3D	Bokn	Sauda 2	Føresvik Stadio
SØN	23/09	13.00	0803.052	MSAO8C	Bokn	Tjensvoll	Føresvik Stadio
TIR	25/09	18.00	6304.051	SMGO3D	Stegaberg 2	Bokn	Frakkagjerd 2
LØR	29/09	15.00	0803.056	MSAO8C	Nesflaten	Bokn	Nesflaten
TIR	02/10	17.00	6304.054	SMGO3D	Bokn	Kopervik 4	Føresvik Stadio



**BOKN
KOMMUNE**

Under forutsetning av bygningsrådets vedtak i møte den 4. mai 1990, legges følgende plan ut til offentlig gjennomsyn.

REGULERINGSPLAN FOR GASSRØRLEDNING OVER VESTRE BOKN, AUSTRE BOKN

OG OGNØY

Planen er lagt ut til offentlig ettersyn i kommunens lokaler i Føresvik til og med 7. juni 1990.

Innen nevnte dato må eventuelle merknader være innsendt til Bokn kommune, teknisk etat, 4290 Føresvik.

Nærmere informasjon om reguleringsforslaget kan fås

Tirsdag 15. mai 1990 kl. 09.00 - 15.30

i kommunens lokaler i Føresvik. Representanter fra teknisk etat, Statoil og Asplan vil være til stede og orientere.

BOKNASUNDET BRU TIDLEGAST KJØRBAR VED ÅRSSKIFTET

I ein kvartalsrapport frå kontoret til Bokn-prosjektet seier ein nå at Boknasundet bru tidlegast vert kjørbar ved årsskiftet 1990-91.

Fritt frambygg frå akse 2 (aust) på brua er nå på det nærmeste ferdig, og flytting av vogner over til akse 3 (vest) vil foregå i midten av mai.

Når det gjeld vegen over Austre Bokn er denne som kjent åpen for trafikk fram til kryssing av fylkesvegen. Dei siste 3-400 meter mot Boknasundet vert ferdigstilt i samband med sluttarbeida på bruа.

På Vestre Bokn er vegen ferdig asfaltert frå Alvestadkroken til Industrivegen. Industrivegen er nå ferdig utvida, og vil bli asfaltert 2. og 3. mai.

Sprenging og masseflytting sørover i riksvegtraséen er nå godt i gang. Ein er nå ca. 1,5 km sør for Industrivegen, og det står att ca. 3 km til ferjeleiet i Arsvågen.

Fram til ferien vil ein ha ferdig planert veg fram til Lauplandsvågen bru. Her skal det byggjast ei 54 m lang bru med byggestart først i august.

Anbudet på ferjekaisystem i Arsvågen er nå til berekning hos entreprenørane. Anbudsåpning mandag 30. april. Arbeidet vil starta i slutten av mai.


Vegvesenet sitt mål er å få heile veggystemet i funksjon før sommartrafikken i 1991. Vestre Bokn vil bli landfast ved årsskiftet 1990/91.

BUSTADTOMT MED EIGA NAUSTTOMT

Dette er det Bokn kommune nå kan tilby i det nye bustadtomtet ved Hålands sjøen.

Til saman skal kommunen leggja til rette for 23 tomter i dette feltet, men i første omgang er det nå 9 tomter som vert utlyste.

Her kan ein altså få seg både hustomt og nausttomt til ein pris av ca. kr. 100.000. Då er til knyttingsavgift og oppmålingsgebyr inn kludert.



FOTPLEIE

Der vert fotpleie mandag den 7.mai.
Påmelding til sosialkontoret .

ARRANGEMENT I MAI

- 7.mai: Barneteater "På tur".
Arr.:kulturstyre/fylkes-kulturstyret.
- 11.mai: Fest - Boknatun (allrommet).
Arr.:Bokn Røde Kors - Besøkstjenesten.
- 19.mai: Plantebytedag.
Arr.:Bokn Hagelag.
- 20.mai: Abrakadabrateateret - "Nå er det alvor".
Arr.:kulturstyre/fylkes-kulturstyret.
- 23.mai: Fest på skulen - Bispe-visitas.
Arr.:Soknerådet/Bondelaget.
- 26.mai: Dans.
Arr.:Mc-Klubben.
- 31.mai: Kino.

BOKN KYRKJE**GUDSTENESTER**

- 6.mai: Konfirmasjon.
- 17.mai: Kl.10.00.
- 24.mai: Biskopen.
- 17.juni:

**KONFIRMANTAR I BOKN
6. MAI :**

Knut Ivar Alvestad
Janne Are
Trond Christiansen
Roy Kenneth Drange
Bjørn Jøsang
Hilde Jøsang
Kjell Frode Lie
Kyrre Lindanger
Kjersti Nygaard
Gjermund Sæbø
Lisa Vila

LEGEKONTORET

Legekontoret er stengt tirsdag den 8. mai p.g.a. kurs.

FEST!!

Besøkstjenesten i Bokn Røde Kors/sjukestova inviterer til hyggelig samvær på allrommet fredag 11/5-90, kl.18.00.

Pensjonistar og dei som ennå ikke har nådd så langt er spesielt innbudt.

Vi har litt underholdning, utlodning, mat og kaffe.

Vi vil da også orientere om virksomheten i besøkstjenesten.

Trenger du skyss ring Solvor Våge for Austre Bokn - tlf.74 83 08. Else Nilssen for Vestre Bokn - tlf. 74 83 38.

VELKOMMEN**ØNSKES KJØPT**

Småbruk, minst 10 mål dyrka/dyrkbart jord - eventuelt nedlagt bruk ønskes kjøpt eller paktet. Tlf.42 13 41.

SPEIDARAR**TRENG HJELP**

Me er 14 speidrarar som skal på landsleir til Mandal 4.-11.august, og me treng telt til denne turen. Hvis du har eit 6-8 manns telt som du vil selja til oss, kontaktar du: Ottar Borgenvik.

BOKN HANDELSLAG**DELER UT MIDLER TIL LAG/FORENINGER**

Bokn Handelslag deler ut kr.15.000,- til drift av foreninger og lag.

Søknadsfrist: 15.mai 1990.